



ST. OLAVS HOSPITAL
UNIVERSITETSSYKEHUSET I TRONDHEIM

**RESSURSSENTER OM VOLD, TRAUMATISK
STRESS OG SELVMORDSFOREBYGGING –
REGION MIDT-NORGE**

RVTS-MIDT

ÅRSRAPPORT 2008



Utsikt fra RVTS-Midt mot Trondheim by

INNLEIING

Bakgrunn

RVTS-Midt vart etablert i 2007 på oppdrag frå Sosial- og Helsedirektoratet, som eit av fem ressurscenter i landet. Senteret har ein regional funksjon og skal dekke fylka Nord-Trøndelag, Sør-Trøndelag og Møre og Romsdal.

Den fremste og direkte målgruppa er fagfolk som arbeider med flyktningar, asylsøkjjarar, valds- og overgrepssutsatte, sjølvmoordsnære og etterlatte etter sjølvmoord. Dette omfattar fagpersonar og ressurspersonar på alle nivå i tenesteapparatet, innan alle etatar, undervisningsinstitusjonar og friviljuge organisasjonar. Senteret sine indirekte målgrupper vil såleis vere dei som er direkte utsatt for vald, traumer, sjølvmoordsatfers, samt pårørande/etterlatne.

Målsetjinga for RVTS er skissert slik: Dei regionale ressurscentera skal bidra til kvalitativt betre og meir heilskaplege tenester gjennom kompetansebygging i tenesteapparatet, og utvikle gode samarbeidsmodellar på tvers av profesjonar, sektorar og forvaltningsnivå.

Forankring og organisering

Senteret er organisert som ein enhet under Avdeling for forskning og utvikling (AFFU) i Divisjon for psykisk helsevern ved St. Olavs Hospital HF i Trondheim.

Senteret er primært organisert i tre faggrupper: Faggruppe flyktningar, faggruppe vald og overgrep og faggruppe sjølvmoordsførebygging. Senteret vektlegg spisskompetanse på dei ulike fagområda, men også tett samarbeid når det gjeld prosjekt/oppdrag. Fleire av dei tilsette har deltidsstillingar i ulike verksemdar innanfor tilgrensa praksisfelt.

Nøkkeltal personell/årsverk pr. 31.12.2008

	Ansatte	Årsverk
Administrasjon	3	2,2
Faggruppe sjølvmoordsførebygging	3	3,0
Vivat	1	0,2 (0,2 vakant)
Faggruppe vald og overgrep	7	3,6
Faggruppe flyktningar	8	3,9 (5,1)*

Totalt er 22 personar tilsatt i senteret, dette utgjer 12,7 årsverk, samt Vivat 0,2 årsverk. Faggruppe flyktningar blir finansiert av Helse Midt-Norge med *1,2 årsverk.

Kompetanseområde

Senteret skal ha spisskompetanse på fylgjande område:

Flyktningehelse
Kjønnslemlesting og tvangsekteskap
Sjølvmoordsførebygging
Seksuelle overgrep
Vald/familievald

Senteret sin kompetanse retter seg mot alle aldersgrupper og ein har kompetanse både på utsatt og overgripnar når det gjeld valdsproblematikk.

Kunnskap om kompleks traumatisering er eit overbygginge perspektiv i senteret.

FØRINGAR OG MANDAT

Føringar for den generelle verksemda for RVTS-Midt finn ein i tidlegare grunnlagsdokument. RVTS skal:

- Hjelp det utøvande tenesteapparatet med undervisning, rettleiing og konsultasjon.
- Samle dei ulike fagmiljøa innan vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging.
- Initiere og utvikle nettverkssamarbeid mellom alle relevante aktørar i regionen.
- Utvikle kurs og undervisningsopplegg med utgangspunkt i praksisfeltet sine ynske og behov.
- Inngå aktuelle samarbeidsavtalar med tenesteapparatet på brei basis.

I oppdragsbrev for 2008 vart det stilt som føresetnad at senteret var i full drift innan utgangen av 2008.

RVTS-Midt har vore i ein etableringsfase. Alle stillingane er no besatt og ein er i full drift.

Føringar for 2008

Oppdraget vert vidareført og spesifisert i oppdragsbrev frå Helsedirektoratet, utarbeida på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet, Barne- og likestillingsdepartementet og Justis- og politidepartementet.

Rapportering i forhold til Oppdragsbrev datert 07.05.2008

RVTS-Midt skal etablere og utvikle:

- *En kommunikasjonsstrategi som sikrer informasjonsarbeider slik at senterets oppgaver, funksjon og kompetanse blir kjent og benyttet etter forutsetningene og at senteret utad fremstår som en enhet med bred kompetanse.*

RVTS-Midt har i 2008 invitert fleire delar av regionen til informasjonsmøte / dialogmøte kor ein gjer klart oppgåver, mandat og målgrupper.

Når faggruppene har undervisningsoppdrag, bruker ein samstundes å presentere RVTS – med alle faggrupper.

RVTS-sjef har hatt innlegg på fire konferansar kor RVTS er presentert.

Fleire medarbeidarar er blitt intervjuva vedr. faglege forhold (Net-prosjektet, arbeid med traumatiserte barnesoldatar, intervju vedr. brusikring) og på den måten profilert RVTS.

Medarbeidarar har skriva kronikkar i avis, samt skriva fagartiklar.

- *Senterets nettside som arena for informasjon og kunnskapsheving.*
- *Bidra i samarbeid med de nasjonale miljøene og de øvrige ressursentrene til arbeidet med å tydeliggjøre vold- og traumefeltet på nett slik at feltet fremstår samlet og brukervennlig overfor målgruppene.*

RVTS-Midt har deltatt i Helsedirektoratet sitt initiativ for å forbetre og vidareutvikle nettsidene både til RVTS og dei nasjonale miljøa. Kommunikasjonsfirmaet Apeland vart engasjert til dette. Dette arbeidet har vore eit positivt bidrag for RVTS-Midt si satsing på å utvikle nettsidene, samt å tydeleggjere alle fagområda på nett.

I det vidare arbeidet vil RVTS-Midt nytte St. Olavs Hospital HF sin plattform og design. Ein ynskjer i tillegg å bruke felles nettportal www.rvts.no. Ein vurderer dette slik at det er det tekstlege innhaldet som er viktig når det gjeld å framstå samla, og at det også er viktig å tydeleggjere kor ein er organisatorisk forankra.

- *Intern organisering og samarbeidsstrukturer med sikte på best mulig koordinering og utnytting av ressursene.*
- *Felles kompetanseutviklingstiltak og strategier på tvers av teaminndelingen med tanke på synergieffekter.*

RVTS-Midt har valgt ei intern organisering med tre faggrupper, og ein har heile tida fokus på samarbeid på tvers av faggruppene.

Det er blitt gjennomført ein to-dagars internseminar kor temaet ”kompleks traumatisering” har vore utvikla som ei felles plattform internt. RVTS-møtet som blir avhalde annankvar veke er arenaen kor ein går gjennom ulike oppgåver der ein finn samarbeidsområde.

Ein stor del av arbeidsoppgåvene i 2008 er blitt gjennomført av samarbeidsteam på tvers av senteret si faggruppeinndeling. Dette gjeld også kompetansehevingstiltak ein har gjennomført saman med andre etatar – slik som UDI, IMDI, Fylkesmannen, Bufetat.

- *Felles tverrfaglig kurs- og undervisningstilbud i samarbeid med for eksempel Bufetat, UDI/IMDI, RBUP, politiet o.a.*

RVTS-Midt har i samarbeid med UDI og IMDI arrangert ein to-dagars konferanse om vold i minoritetsfamiliar.

RVTS-Midt har i samarbeid med Bufetat arrangert konferanse om kjønnslemlesting og tvangsekteskap.

- *Formelle samarbeidsavtaler med andre regionale aktører på senterets temaområder og tilgrensende virksomhet.*

Det var i 2007 ikkje vektlagt formelle samarbeidsavtalar med andre aktørar. Det har vi hatt i 2008. RVTS-Midt har i 2008 inngått formelle samarbeidsavtalar med UDI, IMDI, R-BUP, Vivat og Folkehelseinstituttet.

Ein må i 2009 inngå formell samarbeidsavtale med Barnehuset og Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin.

- *Samarbeidsnettverket som omfatter alle relevante temaområder og aktører i regionen, samarbeid mellom RVTS-ene og med de nasjonale kunnskapsbaser (NKVTS, SSFF og NAKMI)*

RVTS-Midt har prioritert å take del i nettverk både mellom dei ulike RVTS med alle sine fagområde og samtlege nasjonale miljø, samt regionale samarbeidsmiljø.

Rapportering på nye oppgaver og prioriteringar i Oppdragsbrevet:

- *Det skal etableres Barnehus i alle regioner. RVTS-ene har et særlig ansvar for å bygge opp kompetanse på området vold og seksuelle overgrep og formidle kunnskap til tjenesteapparatet (tiltak 1).*

RVTS-leiar har deltatt i prosjektgruppe når det gjeld planleggjing av Barnehus i Midt-Noreg. Ein har vidare bidratt med utvelgjing av kandidatar/intervju/tilsetjing av dagleg leiar. Barnehuset skal ha formell opning i februar 2009. RVTS-Midt og Barnehuset skal inngå formell samarbeidsavtale vedr. veiledning og undervisning til tilsette.

- *RVTS-Midt skal sammen med de øvrige ressursentrene bistå NKVTS i å utarbeide en mal for kommunale/interkommunale handlingsplaner mot vold i nære relasjoner. RVTS-ene skal legge til rette for og bistå kommuner som ønsker å utvikle lokale handlingsplaner på dette området i perioden 2008-2011 (tiltak 24).*

NKVTS fekk i oppdrag i 2008 å utarbeide mal for utarbeiding av kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar, i dette arbeidet vart også RVTS'a involvert. RVTS-Midt har deltatt med to personar i dette samarbeidet. Malen vart ferdigstilt og overlevert Justisdepartementet i desember 2008.

RVTS-Midt har vidare samarbeida med Trondheim kommune i utvikling av deira handlingsplan, samt deltatt i Samrådet vold mot kvinner. Ein har også deltatt på møte i tverrfagleg nettverk i Volda, det er ein del av kommunen sin implementering av handlingsplan mot vald i nære relasjonar.

Tilbod om hjelp til utarbeiding av slike handlingsplanar i kommunar vil ha eit auka fokus i 2009.

Ny handlingsplan mot kjønnslemlestelse (2008-2011)

RVTS-Midt har i 2008 hatt ein medarbeidar i ein liten deltidstilling for å arbeide med temaet kjønnslemlesting. Vidare har ein bidratt økonomisk til prosjekt i Trondheim kommune vedr. same tema.

Oppgåvene har vore knytta opp til undervisning til fagpersonar i kommunale instansar, helsepersonell på 1. og 2.linje nivå, samt til enkelte mottak. Ein har etablert kontakt og hatt undervisning med kvinner og ungdomar i berørte grupper. Dette har skjedd som fagdagar, foredrag, eller som enkelttema i ein større fagsamheng.

Saman med Bufetat og Fylkesmannen arrangerte ein konferanse om temaet, kor det deltok ca 100 personar frå heile regionen.

Handlingsplan mot tvangsekteskap (2008-2011)

Temaet tvangsekteskap var tema på konferanse om vald i minoritetsfamiliar arrangert av UDI / IMDI og RVTS. Her deltok 100 personar frå regionen. Saman med Bufetat og Fylkesmannen vart det arrangert dagskonferanse over temaet, kor ca. 100 personar deltok. Ein har vidare vore tilgjengeleg for konsultasjon til fagpersonar som møter dette i sitt arbeid.

Rapport frå faggruppene

Faggruppe sjølvmondsførebyggjing

Sjølvmond og sjølvmondsforsøk er ei handling som involverer mange, det gjeld det enkelte mennesket, nettverket og samfunnet for øvrig. Lidinga for så mange og omfanget gjer at det er behov for systematisk og samla innsats på mange nivå. Sjølvmondsførebyggjing er såleis ei viktig samfunnsoppgåve.

I faggruppa har det vore stor aktivitet ift. oppsatt plan for verksemda. Faggruppa har på grunn av sjukdom bestått av ein fagperson tilnærma heile arbeidsåret. Dette har ført til stor sårbarhet. Ein oppretta ny stilling som rådgjevar i gruppa, stillinga er besatt og vedkomande starter ved årsskiftet.

Samarbeid med nettverket:

Faggruppa har deltatt i samarbeidsmøte med faggruppe sjølvmondsførebyggjing ved andre RVTS, så vel som SSFF. Det er blitt avhalde tre møte.

I samarbeid med SSFF har ein halde ein regional konferanse vedr. implementering av nasjonale retningslinjer for førebyggjing av sjølvmond i psykisk helsevern. Ved konferansen deltok 45 personar frå heile regionen.

I region Midt-Noreg er det etablert eit nettverk av personar innan suicidfeltet, både somatikk og psykisk helsevern. Nettverket består av ca. 40 fagpersonar. Av kapasitetsomsyn har ein ikkje kunne arrangere årleg nettverkskonferanse.

Samarbeid med Trondheim kommune:

Kommunen sin plan for det sjølvmondsførebyggjande arbeidet vart gjort klar i 2007. Ein har etablert samarbeid med kommunen i tilfelle der kommunen sine rutiner ikkje blir fylgt. Målet er å sikre at rutinene i slike saker blir betre.

Ein del av kommunen sin plan var å sikre Bjørndalsbrua mot hopp. Denne prosessen har tatt tid, og ein har hatt innlegg i avis og media om viktigheten av at sikringa blir gjennomført.

Samarbeid med LEVE:

Ein medarbeidar har i 2008 vore nestleiar i Leve, avd. Sør Trøndelag. Det er brukt tid på styremøte og open kafé og andre arrangement. Leve har open kafé for etterlatne 2 kveldar i månaden, kor ein kveld er open for alle og ein er for ungdom.

September 2008 arrangerte ein Verdensdagen for sjølvmondsførebyggjing i fellesskap. Tema var "Tenk globalt, planlegg nasjonalt og handle lokalt". Arrangementet vart besøkt av ca. 30 personar.

Samarbeid med VIVAT:

Etter avtale med Helsedirektoratet vart 0,4 årsverk overført til det enkelte RVTS. I 2008 har ein hatt ein person tilsatt i 20 % stilling, RVTS har arbeidsgjevaransvaret. Denne rapporterer til Vivat sentralt.

Ein person i faggruppa er Vivat-instruktør og har halde 3 Vivat-kurs i 2008.

Samarbeid med andre organisasjonar:

Ein har utvikla meir formelle samarbeidsformer med andre organisasjonar, samarbeidet er konkretisert gjennom ulike prosjekt:

Utarbeiding av regional statistikk og villa eigenskade.

Dette er eit prosjekt i samarbeid med Folkehelseinstituttet og andre RVTS. Målet for arbeidet er å få ein større oversikt over regionale forskjellar, og at dette skal kunne brukast i konkrete førebyggjande tiltak. Det blir utgjeven rapport i mai/juni 2009, og ein vil fylgje statistikk etter kvart som ein får nye tal.

Utvikling av brosjyre til etterlatte ved sjølv mord.

Dette er eit samarbeid mellom representantar frå alle RVTS og LEVE. Heftet vart ferdigstilt i 2008, og skal vere tilgjengeleg frå februar 2009. Det skal bli distribuert ved alle gravferdsbyrå i regionen, og er lagt ut på RVTS-Midt sine heimesider.

Helsedirektoratet har innvilga midlar til prosjektet.

Det som står att er planlagt oversetjing til nord- og sørsamisk, dette er tenkt i elektronisk versjon. Skal ein få gjennomført dette, treng ein ytterlegare økonomiske midlar tilført.

Revidering av programmet "Et bedre liv – rus og psykose". Planen er å revidere det eksisterande programmet. Målsetjinga er auka meistring og sosiale ferdigheter, reduksjon av rusbruk og betre motivasjon til å fylgje opp behandling. Dette er eit viktig tiltak overfor personar som er i auka sjølv mordsfare.

Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom RVTS-Midt, Sintef Helse og Psykisk Helsevern i Vestfold.

Faggruppe flyktningar

Problema som gruppa flyktningar og asylsøkjjarar har er samansatte og krev høg kompetanse. Mange av desse er traumatiserte. Traumatiseringa kan vere resultat av hendingar som er skjedd i heimlandet, så som krig, overgrep, valdtekt eller tortur. For mange kan sjølve migrasjonsprosessen vere traumatiserande, og kan auke risikoen for psykiske vanskar. Einsleg mindreårige som kjem til Noreg utgjer ei særleg sårbar gruppe.

Faggruppe flyktningar har hatt høg aktivitet og har nådd mål satt i virksomhetsplan. Bemanninga har vore stabil. Ein av medarbeidarane gjekk over i 50% stilling på våren. Ny person er tilsatt og starter ved årsskiftet. Ein har prioritert ressursar på forskningsprosjektet "Narrativ eksponeringsterapi", og det vart hausten 2008 innvilga doktergradsstipend gjeldande frå 2009.

Faggruppa sitt arbeid ut mot mottak

Ved inngangen av 2008 var det 9 asylmottak i regionen, dette auka til 14 i løpet av året. Ein har i løpet av 2008 hatt kontakt med alle mottak, og ein har starta kontakt med dei nye, som vil bli prioritert i 2009. Samarbeidet med mottaka går på rettleiing, undervisning og konsultasjon i vanskelege saker.

Ein har hatt eit særleg fokus på forsterka mottak, kor ein i samarbeid med BUP og Psykisk helsevern for vaksne har bidratt med rettleiing og undervisning. I dette arbeidet er også kommunale instansar med.

Ved eit mottak har det vore gruppetilbod i dramaterapi overfor asylsøkjjarbarn. Dette er initiert av RVTS og etter kvart får RVTS ein rettleiarrolle i dette. Ein ser på dette som eit prioritert og viktig tiltak overfor traumatiserte barn – barn som ofte mangler ord på det som er vanskeleg.

Samarbeid med tolketenesta

I 2008 er det gjennomført fire samlingar for tolkar i Møre og Romsdal. Dette har særleg vore knytta opp til tolkearbeid i psykisk helsevern. Undervisninga har vore knytta til rolle og funksjon.

Målsetjinga er at ved denne type tiltak hindrer ein utbrenning og flukt frå yrket. Arbeidet skjer i samarbeid med tolkefagleg rettleiar.

Forskningsprosjektet "Narrativ eksponeringsterapi"

Dette forskningsprosjektet har pågått sidan 2005 og er i samarbeid med Medisinsk Fakultet ved NTNU og Universitetet i Konstanz, Tyskland. 22 behandlarar i heile regionen har tatt del som behandlarar i prosjektet. I 2008 er det blitt halde ei veiledningssamling og avslutningsseminar for behandlarane. Vidare har faggruppe flyktningar gjeve konsultasjon til dei 22 behandlarane på igangsatt behandling, samt utførte pre- og posttestar. Som eit ledd i prosjektet har faggruppa hatt 9 personar i behandling som ein del av prosjektet.

Hausten 2008 er prosjektleiar innvilga stipendmidlar frå Helse og Rehabilitering, og vil frå hausten 2009 ha permisjon for å ferdigstille doktorgradsarbeid.

Klinisk arbeid

Kvar enkelt fagperson i faggruppa har ein liten del av stillinga knytta opp til klinisk verksemd, som i si heilhet er finansiert av Helse Midt-Norge og organisatorisk knytta til DPS i regionen.

Målsetjinga med klinisk arbeid er å vedlikehalde og vidareutvikle eigen kompetanse i behandling av denne gruppa, utvikle nye verksame metodar for dette arbeidet, samt avhjelpe regionen i vanskelege saker. Ein bidrar her med delutgreiningar, vurderingar og konsultasjon til behandlarane.

I 2008 hadde ein 71 personar inne til utgreiing og behandling, dette utgjer 381 konsultasjonar. Det er ein overvekt av posttraumatiske reaksjonar.

I litt over halvparten av saken vert det brukt tolk, dette har vore nødvendig for å sikre eit adekvat hjelpetilbod.

Faggruppe vold og overgrep

Omfanget av vold, seksuelle overgrep og omsorgssvikt er i dag så omfattande at WHO definerer det som eit helseproblem. Å vekse opp med vald eller leve med vald som vaksen, kan gjeve alvorlege helsemessige og sosiale konsekvensar for den enkelte. Undersøkingar syner at omfanget av psykiske plager og symptom i befolkninga heng saman med førekomst av fysisk og kjenslemessig omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep.

Verksemda ved faggruppe Vold og seksuelle overgrep har også i 2008 vore prega av nyetablering, gruppa var fulltallig i oktober. Ein medarbeidar hadde forskningspermisjon i USA fram til 1. mai.

Arbeidsoppgåvene har også vore prega av nyetablering av faggruppa. Det har vore arbeida med personalgruppa med sikte på at alle tre faggruppene skal utvikle felles identitet og samhørighet og såleis sikre at det tverrfaglege samarbeidet ved senteret fungerer. Vidare har ein søkt å avklare kva faggruppa sitt oppdrag og mandat inneber i praksis, det gjeld særleg forholdet mellom fagutvikling, kompetansespreiing, forskning og klinisk arbeid. Fagutvikling og kompetansespreiing krev kontakt med både forskningsfeltet og det kliniske arbeidet.

Faggruppa har brukt ressursar på å møte samarbeidspartar og brukarar, særleg med tanke på å kartleggje kva behov og forventningar desse har til RVTS. Det vil vere ei hovudutfordring å omsetje denne kunnskapen til praktisk handling, særleg i form av rettleiing, konsultasjon og undervisning. I 2008 har ein imøtekomme alle forespørslar om dette.

Fagutvikling og forskning

Fleire av faggruppedlemene er inne i utdanningsforløp eller er med i fagutviklings- / forskningsprosjekt. Denne kunnskapen skal bli brukt målretta til å auke kunnskap hjå dei som skal take mot tenester frå oss.

- Bagatellisering av familievold: Artikkelskriving påbegynt.
- Oppfatning av partnerkonflikt: Datainnsamling pågår.
- Kroppsorientert psykoterapi: Utdanning pågår.
- Klinisk rettsmedisin (samarbeidsprosjekt med Chadwick senteret, San Diego). Datainnsamling pågår.
- Tilrettelagt samtale: Protokollskrivning påbegynt.
- Fagbok om menn som begår seksuelle overgrep. Planlegging påbegynt
- Master oppgave: Dommerens risikovurdering i saker med familievold. Utdanning: mastergrad i familieterapi og systemisk praksis. Forberedelser til datainnsamling.

Prosjektet i klinisk rettsmedisin har i 2008 krevd mykje ressursar, då ein person hadde forskningspermisjon og arbeida ved Chadwick senteret i San Diego i 4 månader. I løpet av den perioden kom datainnsamlinga i gang, og data på vel 500 personar vart samla inn. Datainnsamlinga vil halde fram i regi av amerikanske samarbeidspartar og vil halde fram i 2009 inntil 1500 personar er rekruttert.

Elles vil ein nemne prosjektet ”Tilrettelagt dialog”. Dette er eit stort prosjekt prega av nybrottsarbeid både på den nasjonale og internasjonale arena. Gjennomføring av prosjektet er avhengig av ekstern finansiering.

Nettverksarbeid

Nettverksmøte er brukt som metode for kompetanseheving. Faggruppa har gjennomført tre nettverksmøte i 2008, to for alle overgrepsmottak i regionen og eit for dei regionale SMISO gruppene. Desse møta er todelte, fyrste delen er ein fagleg del som har seminarpreg, deretter ein del prega meir av diskusjon og refleksjon i forhold til jobben ein utfører.

Publikasjonar i 2008

Skriftleg

- Gulla K., Myhre A.K. Rutineundersøkelse av småjenters underliv. Sykepleien 2008; 17;
- Myhre A.K. Rutiner ved mistanke om seksuelle overgrep mot barn. Prosedyrer for leger og sykepleiere ved Barne- og ungdomsklinikken. Publisert på EQS – web.
- Halvorsen J.Ø. (2008, november). Seksuelle overgrep: Illusjonen om frivillighet. Haugesunds avis, s. 31.

Muntleg

- Myhre A.K, Myklestad K., Adams J. A longitudinal study of the anogenital development in girls from 6 – 12 years of age. Vitenskapelig foredrag med publisert abstract. NASPAG Annual meeting Newport Beach, California. 17.4.2008
- Myhre, A.K. Legeundersøkelse av barn ved mistanke om akutte seksuelle overgrep. Pediatertdagene, Bergen. 8.10.2008
- Hermstad, K. Restorative justice as a challenge to traditional punitive strategies in cases of sexual offences. Presentasjon på IATSO Internasjonal konferanse om behandling av seksuelle overgrepere, Cape Town 28.8.2008
- Hermstad, K. Seksualitet i et samfunnshistorisk lys. Konferanse om ungdom og seksuell helse, fylkesmannen i Sør-Trøndelag, Trondheim 20.11.2008
- Gabriel, U. & Tennfjord, O.S. Stereotypic Expectations as Explanation for Gender Differences in the Moral Judgment of Domestic Violence. Vitenskapelig foredrag. Aggression Workshop, Potsdam Universitat, Potsdam. 7.11.2008.
- Dahl, K. Barn som blir eksponert for vold i familien, et barnefokusert behandlingsarbeid i en familiekontekst. RVTS-Midt konferanse 25.9.2008
- Dahl, K. og Snersrud K. Barn som blir eksponert for vold i familien, et barnefokusert behandlingsarbeid i en familiekontekst. Dagskonferanse Redd Barna, Trondheim 5.2.2008.

Faggruppa har hatt relativt høg publikasjonsaktivitet dette aret, særleg med muntlege publikasjonar pa konferansar. Det skal nevnt at faggruppa har hatt 3 vitenskapelege foredrag pa internasjonale konferansar.

Undervisning (alle faggrupper)

Alle faggruppene har stor grad av undervisning, denne kan vere utført av den enkelte faggruppe, eller pa tvers av faggruppene.

Her fylgjer nokre dome pa undervisning:

- Konferansen : Voldens mange fasetter. Med fokus pa vold i minoritetsfamilier”.
- Konferanse om kjønnslemlestelse og tvangsekteskap
- RVTS-seminar: Arbeid med traumatiserte barnesoldatar i Uganda
- Kurs for tolkar – rolleforstaing.
- Implementering av nasjonale retningslinjer for forebygging av selvmord i psykisk helsevern
- Klinisk rettsmedisin ved seksuelle overgrep. Nasjonalt c-kurs for legar og sjukepleiarar.
- Seminar for overgrepshetar og konfliktrad: Fra ord til handling.
- Seminar i emnet ”Somatic experiencing”.
- Seminar: Barn som blir eksponert for vold i familien.

I tillegg vil ein nevne at alle faggrupper har stor aktivitet med undervisning pa høgskular i regionen, pa universitet, psykisk helsevern i kommunar, DPS barnevern, fastlegar, frivillige organisasjonar. Dette er undervisning som gjeld alle fagomrader. Ein del av dette er undervisning som er fast. Ei prioritert omrade framover vil vere a auke andelen fast undervisning, gjennom dialog med høgskular og universitet.

Konsultasjonar

Alle faggruppene har vore tilgjengelege for konsultasjon til personell i 1. og 2-linjetenesta, det har vore både frammøtekonsultasjon og telefonkonsultasjon. Konsultasjonane har vore knytta til akutte problemstillingar eller til problemstillingar som har vart over tid og kor det har vore vanskeleg å finne løysingar. Problemstilling og omfang har vore avgjerande for grad av oppfølging etterpå.

Antal konsultasjonar i 2008 (alle faggrupper)	136
-----------------------------------------------	-----

Rapportering på økonomi tildelt i oppdragsbrev for 2008

Tildelt	Rekneskap pr 31.12.2008
11 500 000	9 024 572

RVTS-Midt har eit underforbruk på kr. 2 475 428.

Dette har samband med vakante stillingar, og størstedelen utgjer ubrukte lønnsmidlar og sosiale avgifter. Dette vil endre seg betraktelig i 2009 når alle stillingane er besatt. Vakans i stillingar fører også til reduserte driftsutgifter. Dette vil også endre seg i 2009 når senteret er i full drift.

Ein fekk i brev frå Helsedirektoratet datert 15.8.2008 mulighet for å bruke ubrukte etableringsmidlar. Artskonto 64 og 65 i detaljrekneskapet syner at dette no er brukt.

Rapport vedr. økonomiske midlar til Nasjonal konferanse "Fra forskning til klinikk"

Tildelt	Rekneskap pr 31.12.2008
200 000	16 250

Konferansen er i samarbeid med Nasjonalt senter for sjølvmondsforebyggjing og RVTS-Midt. Konferansen er 7. og 8. mai 2009. Midlane som er brukt har gått til utarbeiding av informasjon/invitasjonsbrosjyrer til konferansen.

Ein bed om at det resterande blir overført til 2009. Ein vil rapportere detaljert når konferansen er avhalden.

Viser forøvrig til vedlagt detaljrekneskap.

Oppsummering og vidare utfordringar.

Året 2008 har vore merka av mange arbeidsoppgåver, og ein aukande etterspørsel etter tenestene våre. Ved senteret er tverrfaglegheten stor, entusiasmen og arbeidsgleda liksom.

Mange av temaene innanfor fagfeltet er tunge og ein er ofte åleine på oppdrag, og det blir viktig å få på plass organisert veiledning. Dette vil vi etablere til neste år innan faggruppe sjølvmondsforebyggjing.

Den største utfordringa, slik eg som leiar ser det, er korleis vi også i framtida skal forbli eit ressurscenter, at vi ikkje blir akterutsegla fagleg sett. I det perspektivet meiner eg at klinisk arbeid og forskning i større grad må inn i RVTS sine oppgåver.

		Forslag	Tilskudd	Pr. 311208	
RVTS-Midt		Budsjett	Budsjett	Regnskap	Avvik
Artskto	Resultat	0	0	0	0
3509	Tilskudd SH-dir	12 252	11 500 000	9 024 572	-2 475 428
3993	Kursinntekter	0	0	21 350	21 350
4101	Mat og drikkevarer			-45 867	-45 867
4189	Andre forbruksvarer	-8	-8 000	-705	7 295
4506	Kjøp av tjenester fra kommuner		0	-120 000	-120 000
5001	Lønn faste stillinger	-6 471	-5 950 279	-4 001 661	1 948 618
5049	Faste tillegg			-47 176	-47 176
5091	Påløpte feriepengar	-776	-713 499	-549 487	164 012
5097	Avsetn. Psykologspes.			-106 350	-106 350
5101	Overtid			-1 713	-1 713
5161	Honorarer			-34 147	-34 147
5282	Gr.liv fordel			-4 728	-4 728
5392	Annen oppg.pliktig godtgjørelse		0	-30 000	-30 000
5401	Arbeidsgiveravgift	-914	-840 577	-639 194	201 383
5402	Arb avgift av påløpne feriepengar	-110	-101 164	-77 478	23 686
5411	Pensjonskostnad (KLP/SP)	-942	-866 165	-635 648	230 517
5414	Arbeidsgiveravgift av pensjonskostnad	-133	-122 316	-104 918	17 398
5511	Honorarer næringsdrivende			-71 867	-71 867
5601	Kurs, seminarer, kongresser og lignende	-300	-300 000	-227 558	72 442
5611	Stillingsannonser	-30	-30 000	-37 129	-7 129
5621	Kurs- og undervisningsmateriell			-30 000	-30 000
5801	Ref. sykepenger/fødselspenger			329 772	329 772
5811	Ref. feriepengar av syke-/fødselspenger			12 666	12 666
5821	Ref. arb.giveravgift			31 372	31 372
5901	Gaver ansatte			-1 080	-1 080
5921	Kollektiv ulykke/gruppelivsforsikring	-12	-12 000	0	12 000
5931	Velferdstiltak for ansatte	-7	-7 000	0	7 000
5951	Husleie, personalbolig			-4 237	-4 237
6451	Leie kontorutstyr	-40	-40 000	-26 219	13 781
6491	Leie annet utstyr			-9 539	-9 539
6512	Datamaskiner	-30	-30 000	-58 582	-28 582
6531	Inventar/utstyr			-219 764	-219 764
6729	Kjøp eksterne tjenester			-230 504	-230 504
6801	Kontorrekvisita	-25	-25 000	-28 464	-3 464
6821	Trykksaker	-5	-5 000	-4 803	197
6841	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	-6	-6 000	-18 416	-12 416
6861	Møtekostnader			-23 647	-23 647
6891	Annen kontorkostnad	-5	-5 000	-1 490	3 510
6901	Telefon	-44	-44 000	-6 424	37 576
6902	Mobiltelefon	-10	-10 000	-429	9 571
6903	Datakommunikasjon	-15	-15 000	-1 936	13 064
6911	Porto			-670	-670
7001	Drivstoff transportmidler	-7	-7 000	-5 015	1 985
7021	Vedlikehold transportmidler			-20 075	-20 075
7091	Annen kostnad transportmidler	-13	-13 000	-8 196	4 804
7101	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	-20	-20 000	-23 992	-3 992
7131	Reise- og oppholdsutgifter ulegitimerte			-8 400	-8 400
7141	Reise- og oppholdsutgifter etter regning	-700	-700 000	-307 404	392 596
7151	Diettkostnad, oppgavepliktig	-100	-100 000	-48 637	51 363
7411	Gaver/representasjon			-2 521	-2 521
7799	Annen kostnad			-1 059	-1 059
8111	Annen rentekostnad			-223	-223
9009	Annet internt salg			3 150	3 150
9109	Annet internt kjøp	-22	-22 000	-39 755	-17 755
9110	Interne husleiekostnader	-1 140	-1 140 000	-1 232 688	-92 688
9111	Kjøp av renholdstjenester	-223	-223 000	-223 988	-988
9112	Kjøp av portørtjenester	-144	-144 000	-99 100	44 900

Rapport midlar til nasjonal konferanse om Sjølvmoordsforebygging.

Vedlegg: Detaljar frå prosjektrekneskapet

```
E-Gov TN3270 - A - DOTED215
Fil Rediger Vis Kommunikasjon Handlinger Hjelp
[Icons]
GL670A          Spørring på kontohierarki          GL670
Kontonr. .> 1.P.96864.R.TOT          Søkefunksjon > LL
AMT/AMX/DSC AMT VS1> A År 2008          Per Fr _0 Ti 14          Vis vindu N
Diff . . .> N VS2> 2 År 2008          Per Fr _0 Ti 14          Mer :
Kto. besk: TOTALRESULTAT          Type: S Status: A Ovf 1
N KONTONUMMER          T          REGNSKAP          REV BUDSJETT          F
1 1.P.96864.R.TOT          S          0,00          0,00
10 1.4050710.0640.3509.96864 3          16.250,00-          0,00
10 1.4050710.0641.3509.96864 3          0,00          0,00
10 1.4050710.0640.5621.96864 4          16.250,00          0,00

KOMMANDO . . SPORR
UGYLDIGE INNDATA. FORESPØRSELSLINJE MED TO BELØP ER MER ENN 80 TEGN.          +
ENTER F1=HJELP F3=AVSL F4=BRWS F5=SPORR F7=BAK F8=FRAM F13=INFO F14=PROMT
F16=MERK F18=OPPFRIK F20=UTFØR F21=KLIPP F22=LIM
MA + a          02/014
[e-torg.edb.com:992]
```

E-Gov TN3270 - A - D0TED215

Rediger Vjs Kommunikasjon Handlinger Hjelp

GL671B Spørring på bilag pr konto - detaljer GL670

Kto.: 1.4050710.0640.5621.96864 Type: 4 Status: A

Besk: KURS- OG UNDERVISINGSMATERIELL Verdisett : A År . : 2008

Valuta: NOK Val.type: S D-/K-kode: Side: 1 Mer :

Vis totaler N (J eller N) Nettoendring: 16.250,00

Per/år	Journal	Belop	BILAG	MK	POST	TEKST(01-29)
12/2008	AP4519	16.250,00	000811571		ELLEN	JESPSO
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				
		0				

KOMMANDO . . SPORR

SISTE SIDE FOR VISNING AV PERIODE 14.

ENTER F1=HJELP F3=AVSL F5=SPORR F7=BAK F8=FRAM F10=FORR F13=INFO F14=PROMT

F16=MERK F21=KLIPP F22=LIM F23=ZOOM

MÅ + a 06/014

e-torg.edb.com:992